



22.09.15

Medlemer i samarbeidsutvalet

Arkivsak:  
Løpenr.:  
Sakshandsamar:  
Linda Øvregard Røhme

**Referat frå møte i  
Samarbeidsutvalet v/Luster ungdomsskule 22.09.15**

<b>Desse møtte:</b>	Vibeke Ødegård, FAU Turid Øiene, FAU Tone Kristin Thomassen, FAU Maria Kalhagen, elevrådet Anja Kvalsøren, elevrådet Caroline Fagerheim, repr. ped. personale Stine Solvi, repr. ped. personale Linda Øvregard Røhme, rektor
<b>Meldt fråfall:</b>	Marit Fuhr, representant for øvrige tilsette Svein Ove Slinde, politisk representant Kristin Vee, assisterande rektor

**1/2015-2016 Konstituering av SU**

Kommunestyret skal velje ny representant, og me vart samde om å vente med konstitueringa til denne var på plass.

**2/2015-2016 Godkjenning av ordensreglement**

Reglementet vart godkjent. Det ligg ute på heimesida til skulen. Me drøfta punktet om mobilforbod. Ein del av elevane er ikkje nøgde med denne ordninga. Saka vart også drøfta i FAU. Det er viktig at elev og føresette snakkar om dette heime.

**3/2015-2016 Tenesteplan**

- Skulen skal starte opp arbeidet med å førebu ungdomsskulesatsinga. Denne vil prege neste skuleår. Oppstart hausten 2016. Satsingsområde er skrivning.
- Felles utviklingsområde for alle skulane i Luster skuleåret 2015-2016 er lesing på tvers av fag, spesialundervisning/tilpassa opplæring og IKT. I tillegg har ein ved LUS valt å jobbe med motivasjon.
- Musikkrom ligg allereie inne i gjeldande økonomiplan. Ein håpar å kunne starte opp dette arbeidet i 2016.
- Språklaben er utdatert. Ein melder no inn behov for å få kjøpt inn utstyr som kan nyttast på elevmaskinene i klasseromma. Dette vil vere funksjonelt, og samstundes frigjere rom.
- Ein ynskjer å kjøpe inn eit klassesett med Surface (mellomting av nettbrett og datamaskin)

### **3/2015-2016 Førebygging av mobbing/arbeid med sosiale ferdigheiter**

Luster ungdomsskule arbeider etter Olweusprogrammet og føl årshjulet. Me jobbar kontinuerleg med elevane sin sosiale kompetanse, og har sidan skulestart hatt fokus på elevar som vert gåande åleine. Det er eit felles ansvar at alle elevane på skulen har det bra. Både medelevar og føresette må ta kontakt med skulen dersom dei opplever noko som ikkje er bra, eller at andre elevar vert utsett for vonde ting. Det kom framlegg om at skulen kunne leggje til rette for ei ordning der elevar kunne melde inn bekymringar anonymt. Rektor tek dette vidare.

### **4/2015-2016 Ymse**

- Elevrådsrepresentantane tek opp at dei somme gonger må stå utanfor klasseromsdøra og vente ei stund på lærarane etter at det har ringt inn. Rektor lova å ta dette opp med teama. Saka vert følgt opp på neste møte.
- Ynskje om felles fagdag med Hafslo, slik ein hadde med Mia Børjeson i vår.
- Klatrepark: Både FAU og Elevrådet går inn for å nytte gåva frå Luster Sparebank på 100 000,- til felles klatrepark framfor Lustrabadet. Det er etablert ei arbeidsgruppe som skal organisere dette. Anita Kjørlaug er leiar av denne. SU støttar vedtaka.

Med helsing

Linda Øvregard Røhme  
rektor  
tlf.:57685742